



# KYRKJEBLADET


FOR VESTNES

NR. 3 - DESEMBER 2012

17. ÅRGANG



*"Barnet" av Vladana Nikolic*




## Evangeliet etter Lukas,

### Kapittel 2

#### Jesus blir fødd

- 1 I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda.
- 2 Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria.
- 3 Då før alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.
- 4 Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han hørde til Davids hus og ætt
- 5 og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn.
- 6 Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda,
- 7 og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.
- 8 Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta.
- 9 Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle.
- 10 Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redd! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket:
- 11 I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by.  
Han er Messias, Herren.
- 12 Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.»



13 Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

*14 «Ære vere Gud i det høgste,  
og fred på jorda  
blant menneske Gud har glede i!»*

15 Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.»

16 Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i kribba.

17 Då dei fekk sjå det, fortalte dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet.

18 Alle som hørde på, undra seg over det gjetarane fortalte.

19 Men Maria gøynde alt dette i hjartet sitt og grunda på det.

20 Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde hørt og sett; alt var slik som det var sagt dei.

## KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kaare Lervik, Audbjørg Gjerde Lippert, Kari Moe Elgsaas, Kari Nakken og Reidun Blø

**Adresse: Kyrkjekontoret  
6390 Vestnes**

kyrkjebladet.vestnes@gmail.com

*Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen. Takk!*

*(Frist for stoff for neste nr. 17.02.2013)*

*Gåver til drift og distribusjon av kyrkjebladet er kjærkomme.*

Kontonummer: 4056.20.62124

# "Barnet" av Vladana Nikolic

Av Kari Moe Elgsaas

Vladana Nikolic er fødd og oppvaksen i Serbia og har mastergrad i kunst fra heimlandet sitt. No er ho busett på Vestnes og arbeider som kunstlærar i Molde.

Vladana har mellom anna arbeidd mykje med portrett, sjølvportrett og interiør i modernistisk stil. Måleria hennar er ofte fargesterke. Blått og grønt i kombinasjon er framtredande i mange av dei nyaste bileta. Dette seier ho er inspirasjon frå Vestlandsnaturen som omgir oss.

Hjemme i Serbia måla ho ei rekke bilde av barn på ein barnhjem. Barna som sat modellar for hennar, fekk ho ei nært og fortulig forhold til gjennom arbeidet. Denne kunnskapen og innsikta i barnesinna har ho gått inn for å formidle gjennom portretta av dei. Eit verkemiddel ho medvite har nytta her, er ei framstilling som minner om måten barn ofte teiknar og fargelegg på.

"Barnet" er eit av dei mange bileta i denne serien. Guten på biletet er 12 år gammal, er foreldrelaus og ber med seg ei traumatiske fortid. Notida er for han både kaotisk og skremmende, og framtidene er utrygg. Han strevar med mange vanskelege tankar omkring sin eigen situasjon og ei framtid han ikkje heilt vågar tru på, men likevel har draumar om. Guten er ein uvanleg reflektert 12-åring. Det alvorlege ansiktet og dei kloke augo formidlar dette. Smilet og latteren sit langt inne hos han. Dette er eit barn som har

blitt fråøva barndommen, noko tekst og illustrasjon på genserens understrekar; baby pet og kosedyr står i skarp kontrast til fortida han strevar med, og notida han lever i. Hendene som er strekte ut, kan også gi assosiasjonar om cit kors, ei korsfestning.

Samtidig som dette barnet er ein hjelpt konkret nolvandt gutt, er han også ein representant for mange barn i vår tid som veks opp i krigsherja området, i kaos, i øydeleggande fattigdom eller under andre uverdige forhold som fråøvar dei barndommen.

I tillegg til denne generaliseringa kan måleriet også gi oss assosiasjonar til Jesusbarnet som blei fødd som menneske i ein kald, skitten og ukoseleg stall fordi ingen ville gi husly til Maria og Josef. Han blei flyktning som spedbarn, han viste uvanleg stor innsikt som 12-åring i templet og han blei korsfesta som eit uskuldig offer. Han fekk verkeleg oppleve korleis det er å vere menneske.

Sjølv om dette måleriet kan verke uvanleg i eit advent- og julenummer, er det etter mitt syn eit tankevekkande bilete som kan passe inn nettopp no i adventstida.



## Molde Domkantori i Vestnes kyrkje

Av Kaare Lervik

Søndag 26. august gjesta Molde Domkantori Vestnes kyrkje og kasta glans over gudstenesta. Dette koret er 45 år i år, og som ei lita markering i samband med dette hadde koret ein dagsturné med minikonsert i Rosekyrkja i Stordal og avslutta med ein svært god konsert i Ørskog kyrkje, alt dette etter å ha gjesta oss.

Molde Domkantori gir mykje til den som hører. Koret syng rein, har ein homogen og god klang og syng med stor innleving. Noko av æra for dette må ein gi til dirigenten, domkantor Dirk Hauenschild. Han er sjølv ein habil songar, ein dyktig organist – noko som kom fram under gudstenesta – og i tillegg komponist. Måten han dirigerer på, kjem att i koret. Både under gudstenesta og særleg på konserten om kvelden, fekk ein oppleve god korsong.



# Advent

Av Audbjørg Gjerde Lippert

Advent er ei lita raud dame  
og ein liten blå mann det  
Dei kjem kvart år med lysa sine  
Så hengjer dei ei stjerne i vinduet  
og sett ein stake i karmen  
På døra festar dei ein krans med lilla  
søyfe

Nokre dagar går  
og ei lita raud dame kjem med korga si  
I den har ho eit fiolett lys  
Tenn det i kjærleik, seier ho  
Tenn det til glede  
La det skine for alle  
og lyse medan de ventar  
Ventar?  
Kva trur ho vi ventar på?

Lyset brenn og stråler glede  
mens det gir seg sjølv for oss  
så ingen ting blir att  
Då dukkar ein liten blå mann opp  
I sekken har han to fiolette lys  
Tenn dei  
seier han  
Tenn dei i tri  
medan de ventar  
Ventar?  
Kva trur han vi ventar på?

Advent kviler over oss  
Ventetid, tenketid  
Ein liten fiolett gut kjem med sekken sin  
I den har han tre fiolette lys  
Kleda er ikkje lenger berre blå  
Noko raudt er blanda i  
Kjærliglek og bot  
er smelta i hop  
Tenn tre lys i dag  
seier han  
La dei skine i mørkret omkring dykk  
Men skynd dykk, gjer dykk klar  
For tida nærmar seg  
Nærmar seg?

Dagane er korte no  
med mørkret tett omkring oss  
Det er då ho dukkar opp  
ei fiolett dame med korga si  
Tenn fire lys i dag  
La dei skine og minne  
om det som var og som er  
og som komme skal  
Det er enno ventetid, seier ho  
Fiolettid  
Adventtid



Den fiolette dama sett seg for å vente.  
på at lysa teiknar dagen mindre mørk  
Mens dei brenn og stråler glede

Så er det over, lysa har brent ned  
Kransen med dei fiolette tårar  
ser på oss med sorgtungt blikk  
mens ho opnar korga opp  
tar det fiolette med seg  
og tømmer mørkret over oss  
Sakte strøymer orda ut:  
Det er smart over no  
Men eg kjem att  
Det gjer eg alltid  
Om og om igjen

Så høyrer vi ein stille sus  
frå himmel ned mot jord.

Hi dame kvit og blå på eit esel sit  
Ein mann ved hennar side går  
Det er Josef det  
som skal skrive seg inn i manntal  
i Betlehem, i Davids by  
Med sokande blikk  
ser Maria snart hit snart dit  
Kva er det ho leitar etter?  
Det er nok av hus på alle kantar  
så det kan ikkje vere etter husrom

Eit lite gutebarn kjem til syne  
Halvnaake  
med høy på dei kvite kleda  
Det er Jesusbarnet det.  
Den lübne barnehanda strekkjest ut  
Kjem oss i møte.  
Kle dykk i selskapskle'  
for festen er nær  
Vil du ta del i gleda?

# Jesu fødsel – inspira

Av Audbjørg Gjerde Lippert

Bibelteksten i Lukas 2 – Juleevangeliet – har inspirert store og små kunstnarar til alle tider, enten det gjeld klassiske målarar innan dei fleste kunstretningar, eller det gjeld enkle motiv på julckort og i barnebøker som skal illustrerast. Eg har valt ut tre sentrale bilete frå middelalderen med "Den heilage familie"-motivet.

Det første er måla av Bartolomé Esteban Perez Murillo, ein spansk barokkmålare.

Det andre er av "El Greco" (Doménikos Theotocopoulos), den greske målaren som etter kvart slo seg ned i Toledo i Spania. Han var sterkt påverka av kristendommen, noko måleria hans syner. Han måla i brytninga mellom renessanse og barokk, og den mykje seinare ekspresjonismen seiast å vere påverka av hans stil. (Det kunne nesten ha vore eit bilet av Edvard Munch!)

Det tredje er Rembrandts "Den heilage familie med englar". Rembrandt er nederlandsk og ein av dei mest sentrale målarane innan barokken. Barokken er ei stilretning som dyngar på med detaljar og ornament i tillegg til bevisst bruk av lys og skugge. I renessansen, som var oppatt av enkeltindividet, var linjene strengare.



"Den heilage familie", Bartolomé Esteban Perez Murillo.

# sjon for kunstnarar

På alle tre måleria ser vi Jesusbarnet, Guds son og verdas frelsar, sentralt plassert i biletet. Det trekker blikket vårt til seg. Dernest kjem Maria, som har ei sterk stilling som Guds utvalde til å føde hans son. Dei andre skikkelsane: Josef, Elisabeth, Johanns, englar, ja til og med Gud, får ein meir tilbaketrakt posisjon. Vi ser korleis Rembrandt har nytta Guds lys som han fører via englane og ned på Marias ansikt før han lar det gå vidare til Jesus i vogga. Jesus får lys frå sin himmelske far. Motivet er lagt til snikkarverkstaden til Josef i Nasaret, ikkje til stallen i Betlehem, og vi kan berre så vidt skimte Josef, Jesu jordiske far, i bakgrunnen.

Desse tre bileta ber julebodskapen si glede fram til oss gjennom sine linjer og fargar.



"Den heilage familie"  
"El Greco" (Doménikos Theotocopoulos)



"Den heilage familie med englar", Rembrandt.



## Kyrkjebasaren vel i hamn!

Av Vestnes sokneråd ved Sindre Taklo.

Vestheim var etter ein gong arena for ball, bacalao og loddosal då kyrkjebasaren gjekk av stabelen 19. oktober. Førti porsjonar med bacalao vart sett til livs av nøgde basargjengarar, og godt og vel hundreogtju porsjonar med potetball, saltkjøtt, bacon og kålrabi vart òg sett pris på, og godkjent på fagleg grunnlag, av eit publikum som visste å sette pris på eit godt ballmåltid! Nok ein gong kunne kjøkkengjengen konstatere at dei hadde lukkast ved dei store grytene som må til for å lage mat i slike mengder. Det må i denne samanheng nemnast at alle råvarer til potetball og det som hører til, var sponsa. Når mange av bakemannskapet i tillegg kom med kaker og rundstykke, var det med andre ord mange gode krefter i sving for å kome matlysta i møte. Soknerådet vil takke alle bidragsytarar!

Det var mange fine gevinstar å vinne på loddbøker og åresal på årets kyrkjebasar. Knut Flølo må i denne samanheng rosast for ein formidabel innsats i kontakten med det lokale nærings-

liv. Størst takk vil sjølvsagt soknerådet gje til alle bedrifter og privatpersonar som gav gevinstar til årets basar. Når det gjaldt åresal, fekk soknerådet sine ferske basarrangørar seg eit skot for baugen. For få årar gjorde at kampen om desse vart noko tøffare enn det som burde vere normalen på eit slikt arrangement. Soknerådet lovar å ta lerdom av dei erfaringane som vart gjort med omsyn til dette åresalet. Roar Johansen held ei kort og fin andakt. Sissel Schiøtt bidrog med tonefølgje til to kjente og kjære salmar i bedehusmiljøet. Soknerådet vil takke alle som kjøpte lodd, leverte kaker, laga mat, pynta bord, selde lodd, leverte ut gevinstar, rydda, vaska opp og gav gevinstar til årets kyrkjebasar. Alt dette arbeidet ført til slutt til eit rekordstort overskot. Heile 58 000 kr kunne kasserar Henning Moldver ta med seg til banken. Soknerådet reknar med at overskotet vert på om lag kr 55 000. Desse pengane lovar soknerådet å forvalte på beste måte.

# Aslaug Balstad minnest si barndoms jul i Fjørå

Av Kari Nakken

Som barn venta eg naturlegvis på at jula skulle kome, men mangt skulle lagast til, og mor var flink til å ta oss med i arbeidet. Då song vi ofte "Kaldt og mørkt og lite sol, såleis er det fram mot jol. Snø og is all jorda gøymer, verda ligg i lengt og drøymer." Særleg likte eg tredje verset: "Verda fekk ein liten gjest, derfor held vi barnefest. Små og store høgt vil kveda saman om den store gleda".

Vesle julafstan gjekk far for å hogge juletre, og det var stor stas å få vere med i skogen. Kan enno hugse eit år syster mi og eg hadde fått nye kjolar til jul som vi fekk lov å gå i fordi det var så uvanleg fint vêr då trent skulle hentast. Vesle julafstan skulle stova vaskast og pyntast.

Sjølve julafstan var det også mykje som skulle gjerast i hus og fjøs før høgfida vart ringt inn, men når mor og far song tostemet "No koma Guds englar med helsing i sky", då var det jul! Difor er dette julesalmen framfor nokon annan for meg. Det var ikkje så mykje julegåver, men litt hadde vi til kvarandre, og det vart sett pris på. Julemiddag var pinnekjøt, poteter og flatbrød. Vi gjekk

alltid rundt juletreet, som hadde heimestøypt lys, og song dei kjende og kjære julesongane. Første juledag var det frukost på senga med ekstra god mat, og det var kyrkjebåt til Dale kyrkje i Norddal. Eg kan enno høre for meg klokkaren når han las inngangsbôna på sin spesielle måte!



I romjula var det vanleg at vi gjekk i selskap til kvarandre etter tur. Det var stor stas for oss ungane når dei vaksne ville vere med og leike. Eg minnest særleg onkel Kåre som var utruleg oppfinnsam. Sjølv om dette er minne, og tida har endra seg mykje, så er Guds gave som vi fekk den første jula, den same. Vi har det kjekt og omgjev oss med mykje glitter og stas, men jula sitt eigentlege innhald må ikkje bleikne for oss!

## No koma Guds Englar med Helsing i Sky

Av Elias Blix

*No koma Guds englar med helsing i sky,  
Guds fred og velsigning dei bjoda.  
No stig ifrå jordi ein helgasong ny,  
som skal gjennow himmelen ljoda:  
Guds fred og vel møtt,  
du barn som er født!  
Vår fredsfirste høgt vere lova!*

*Til frelsa den fyrste er kåra og krynd  
og komcn til løysing og lukka  
for menneskeborn som er fødde i synd  
og alt uti vogga må sukka.  
Guds fred med dei små  
som honom fekk sjå!  
Vår fredsfirste høgt vere lova!*

*I djupaste mørker vart himmelen klår,  
då stjerna av Jakob seg viste.  
I hardaste vinter det grønkar som vår;  
og fagraste knupp spring av kviste.  
Guds fred og god jol  
med sumar og sol!  
Vår fredsfirste høgt vere lova!*

*Der ute er jordi så isende kald,  
og trei stand svarte i skogen.  
Men Isai stuv, som til frelsa er vald,  
skyf livskvisten fager og mogen.  
Guds fred med dentein  
av grenkande grein!  
Vår fredsfirste høgt vere lova!*

*No stjerua frå Betlehem lyser om land  
frå høgsal til armastc hytta.  
Det ljosnar så vent yver dalar og strand  
der inn hennar strålar få glytta.  
Guds fred yver mold!  
Vår sol og vårt skjold,  
vår fredsfirste høgt vere lova!*

*No ljudar ein lovsong frå alle Guds born,  
på alle folks tunger dei kveda.  
Såvida som klokkene tima frå tårn,  
stig tonar av hugnad og gleda.  
Alt kling som i kor:  
Guds fred over jord!  
Vår fredsfirste høgt vere lova!*

*Lat gjetordet ganga frå grend og til grend,  
så vide som tunga kan mæla,  
om Sonen som er oss frå himmelen send  
all verdi til siger og sæla!  
Syng ut i kvar bygd:  
Guds fred ifrå høgd!  
Vår fredsfirste høgt vere lova!*

*Den freden meg fylje frå vogga til grav,  
mcg huggc i sårastc sutcr!  
So seier eg når eg frå verdi fer av  
og dayande hovudet luter:  
Guds fred og farvel!  
No sovnar eg sæl.  
Vår fredsfirste høgt vere lova!*



# Ei kjærkoma julegåve

## Eit 60-årsminne

Av Thorleif Marken

Gjennom eit etter kvart bra langt liv har eg som andre fått mange, og mange slags, julegåver.

Ikkje alle har vekt like stor glede hos mottakaren, mens andre har vore svært så kjærkomne.

Den eg har vore mest glad for og som eg hugsar best, var ei gåve eg fekk til jul i 1952. Eg var nettopp fylt 12 år og var som dei fleste gutter i den alderen svært sportsinteressert. Dette året var interessa på topp, for i februar hadde det vore Olympiske vinterleikar i Oslo, men det var nokså avgrensa kva lokalavisene hadde av sportsstoff den gongen. Særleg var biletene mangelvare. Sunnmørsposten var mest oppatt av storsilda og Fylket av jordbruksprisane. Stort betre var det vel ikkje med Budstikka og Folkebladet heller. Oslo-aviser var eit ukjent begrep i våre bygder på den tida. Men vi fylgde desto betre med i radiosendingane til NRK fra OL-konkuransane.

Norge gjorde det svært godt i dette OL etter at vi hadde vore nede i ein bylgjedal i OL i 1948 i St. Morits (mykje på grunn av krigen). Det var mange store namn som stod fram for Norge i 1952, slike som Hjalmar (Hjallis) Andersen, Roald Aas, Stein Eriksen, Guttorm Berge, Borghild Niskin, Hallgeir Brenden, Martin Stokken, Magnar Estenstad, Simon Slåttvik, Sverre Stenersen, Arnlmn Bergmann, Thorbjørn Falkanger og mange fleire. Godt norske resultat var sjølv sagt med på å auke interessa hos oss gutungane.

Så til julegåva. Det hadde seg slik at eg hadde ein onkel i Oslo, Rasmus Fiksdal. Han var eldste bror til mor mi og skulle såleis ha Nakken som etternamn, men av ein eller annan grunn skifta han til Fiksdal. Han hadde arbeidet sitt i eit mindre forlag i Oslo, og hadde nok slik både interesse for og tilgang til det trykte ord. Under heile OL, som varte frå 14. til 24. februar, ga Aftenposten ut eit eige sportsbilag med stoff frå, om og rundt OL. Det kom ut 10 nummer, som alle var på 15 sider, altså i alt 150 sider med sport. Kva meir kunne ein sportsinteressert gutunge ynskje seg?

Bilaget var trykt i såkalla tabloidformat, det same som t.d. VG, noko som var uvanleg i avis-samanheng den gongen. Avisa hadde gode førehandsomtalar med historiske tilbakeblikk for kvar konkurranse, og mykje meir nøyaktige referat og resultatlister enn sportsavisene har i dag. Det var mange biletene, men ikkje heilsider som no. I staden var det mange flotte teikningar utført av dåtidas fremste teiknarar som Audun Hetland og Ulf Aas. Dertil var fleire av avisas sine beste pennar i swing med skildringar av livet rundt konkurransane og livet i byen elles. Når eg les dette i dag, så ser eg at det var drivande god «rundtomkring journalistikk» med mange knakande gode såkalla petitartiklar.

Kort sagt var desse sportsbilaga ei gullgruve for ein sportsinteressert gutunge. Onkel hadde heldigvis sytt for å binde inn bilaga til ei bok, slik at avisene lettare kunne bevarast. Eg har

boka i god stand den dag i dag, og når eg av og til tar ho fram, så tenkjer eg at det kan diskuterast om sportsjournalistikken har gått framover eller bakover til i dag? Det tekniske er nok langt betre, men skrivekunsten? Eg er i tvil.

Naturleg nok vekte boka stor åtgauam i kameratflokkene, og mange var det som kom på besøk for å kikke i ho og lese om store norske bragder. Det var ikkje berre med det same, men i fleire år framover, og det er ikkje å ta for hardt i at resultatlistene, dei 6 beste, vart pugga, spesielt i nordiske greiner. Ein av dei ivrigaste var nok min nokre år yngre og gode nabo Per Bjørn Ellingseter, ein seinare ikkje ukjent naum

i kulturlivet i Vestnes. Ikkje stort därlegare var søskensbarnet mitt, Reinhard Nakken, som seinare i mange år var ein habil langrennsløpar i lokal målestokk. Resultatlistene sat lenge veldig godt. Ja sjølv i dag, om lag 60 år seinare, hender det at vi tar ein liten test når vi møtest - og med brukbart resultat. Kven kan forresten på ståande fot fortelje namna på dei fire som var med på det norske laget i 4 x 10 km stafett?



## Prost Lars Slettebø:

Den første snøen har kommet, det er kaldt og om morgenen er det is på bilruta. Vinteren er her. I butikkvinduene har juledekorasjonene kommet på plass; som vanlig i svært god tid før julekvelden.

Jeg gleder meg til Jul. Jeg gleder meg til å feire juleguds-tjeneste, og jeg gleder meg til en kveld sammen med familien, med god mat, pakker og smilende barneansikter. Julen er for meg en god tid, med hygge og familie.

Samtidig vet jeg at for mange er nettopp juletiden den vanskeligste tiden på året.

Juletiden er jo familiетid. Allikevel er det mange som sitter alene julekvelden; noen for første gang dette året, andre har gjort det før - kan hende mange ganger. Da kan julen være en tung og vanskelig tid. Ta vare på dem du har rundt deg; familie, venner, ektefelle. Ta vare på vennskap og gode relasjoner. For det er så sårbart og skjørt. La ikke stresset rundt juleforberedelser, pakker og mat få ta overhånd og komme i vegen for det som virkelig betyr noe, nemlig relasjonene våre og dem vi er glad i.

Midt i vinterkulden og all travelheten kan også juletiden være en tid med varme og nærlhet, en tid der vi sammen med dem vi er glad i, kan ta imot julens budskap om Gud som kom til oss som et lite barn i en stall i Betlehem; en Gud som vil være oss nær.

# I Gamle spor

Av Signe Hellevik

Det har lenge vært en drøm å kunne gå deler av pilegrimsveien inn mot Santiago de Compostela nordvest i Spania, og mens konfirmantene var på pilegrimstur til Nidarosdomen i høst, fikk jeg oppleve nettopp det.

Det å være pilegrim har lange tradisjoner, og særlig i middel-



alderen var det mange som gikk langs disse veiene, både til Nidarosdomen og til Santiago. Motivene var mange. Noen kom med sine sykdommer og søkte helbredelse. For noen var det en botsgang, for andre var det et uttrykk for takknemlighet eller en bønn. Man søkte Gud, hver på sin måte, og med forskjellig utgangspunkt og mål.

Slik er det fremdeles. Folk kommer fra hele verden for å gå den samme veien som mennesker har gått i århundrer, - noen av religiøse grunner, andre som turister fordi det er en fin vei å gå, de fleste kanskje som en blanding, slik det var for meg.

Hvorfor Santiago de Compostela? Tradisjonen sier at Jakob, en av disiplene til Jesus, reiste til dette området i Nord-Spania og forkynte evangeliet i to år. Han lyktes ikke og dro skuffet



hjem til Jerusalem. Her ble han arrestert og halshugget i år 44, som den første martyr blant apostlene. Legenden forteller at to av disiplene hans tok kroppen hans med i en båt og seilte mot nordvestkysten av Spania, der Jakob hadde vært tidligere. Andre tradisjoner sier at Jakob ble gravlagt i Jerusalem, men at legemet hans ble flyttet til Spania da muslimene erobret Palestina på 700-tallet. Nå er Jakobs skrin eller kiste oppbevart i katedralen i Santiago - byen til Sant Iago - sankt Jakob. Om

dette er apostelen Jakobs grav eller ikke, betyr ikke så mye for meg. Men det betyr noe å gå i fotsporene til utallige mennesker som har gått på de samme stiene gjennom århundrer. Mange skjebner, mange drømmer og mange bønner ligger igjen som usynlige spor langs veien. Noen steder var veien så nedtråket at murene som en gang ble bygget langs kanten på stien, nå er som en murkant på en vegg høyt oppe. Vi gikk gjennom tuneller av eldgamle trær, over åpne sletter - og langs asfaltert motorvei. Folk kom og gikk forbi. De snakket forskjellige språk, noen høylytt og støyende, andre stille. Noen gikk og sang. Det var skoleklasser med i-poden på full styrke og syklister som hastet forbi.

Sjøl gikk jeg som del av ei gruppe, men vi hadde ikke gått mange hundre meter før de fleste var spredt. Neste gang vi så hverandre, var kanskje ved en av de mange barene eller kafeene underveis - eller til middag om kvelden.

For meg var det godt å gå aleine, overraskende godt. Jeg hadde tenkt meg ut et tema for hver dag, pluss at det var mennesker jeg ville minnes og tenke på mens jeg gikk. Men det jeg merket underveis, var at tankene fort gled ut i ingenting. Det kom ingen kloke tanker eller nye åpenbaringer. Den gode opplevelsen var aller mest at tankene ble mer og mer tomme. Det var opplevelsen av å gå, se at naturen forandrer seg, kjenne seg sliten og fornøyd og kjenne gleden ved å komme fram til målet hver kveld - selv om føttene var såre og leggene støle.



Det endelige målet var katedralen i Santiago. Vi var heldige og kom på en festdag med en helt spesiell messe. Biskopen talte, og det var nydelig korsang og mektig orgelmusikk. Ved slutten av messen måtte 8 mann hjelpe til for å sveive det store røkelseskaret på tvers av kirkeskipet.

Målet var nådd for denne gang, men det er fremdeles mye igjen av veien. Så kanskje blir det muligheter for å gå en annen bit av pilegrimsveien en annen gang? Håper det!

## Bratte bakker

Mørke eikelunder

Tunge steg

med lang historie.

Stien er taus,

men ukjente føtter

har satt dypc spor.

## Godt å kunne knele

bøye seg

ta imot.

Ved målet


og ved begynnelsen.



# Konfirmantane til Nidaros

Avgard Moltubak

Tradisjonen tru drog ein flokk flotte ungdomar på pilegrimsferd til Trondheim og Nidarosdomen torsdag og fredag før haustferien. Denne reisa kan årleg gjennomførast m.a. av di



Mot målet.

foreldre er med i tillegg til nokre tilsette. Ein takk til foreldra! Overnatting skjedde på Mjuklia leirstad på Berkåk. Det vart ein fin kveld der vi snakka om kva ein pilegrim er. Og KRIK-leiar Asle Klock, saman med to KRIK-ungdomar, arrangerte sporløp med lommelykter ute i haustmørkret. Veldig flott. Sjølv vandringa starta ved Kyvann, i flott vær med sol og fine haustfargar. Første stopp var Sverresborg, der vi blei møtt av pilegrimspresten, Einar Vegge. Han leia oss fram i stroka der tusenar av pilegrimar har vandra frå mellomalderen og fram til vår eiga tid.

Ved Feginnsbrekka kunne han peike mot målet, heilagdomen i Nidaros. Dette var staden der pilegrimar fekk det første synet av byen, og her pleidde dei å falle på kne og takke Gud.

Ved Olavskjelda - denne kjelda som fekk dei sjuke til å smake på vatnet i von om lindring for sjukdomar - var det ein stopp. Å gå rundt kyrkja og etterpå vandre inne i den mektige katedralen var ei stor oppleveling. Og seinare var det spennande gaiding inne i Erkebispegarden. Mykje historie å bli kjend med. Vi fekk òg sjå på kongekronene - riksregaliene.

Ei pilegrimsvandring som denne kan vise litt av korleis dei tenkte og handla i tidlegare tider, og det kan gje ettertanke og refleksjonar over vår eiga notid og framtid.



Nidarosdomen.



## Fungerande sokneprest



Magne Bildøy vil fungere som sokneprest i Vestnes ein periode, førebels ut desember månad.

Han er vikar for sokneprest Finn Arne Roaldsnes, som for tida er delvis sjukmeld. Magne Bildøy er tilsett som prostiprest i Indre Romsdal prosti. Det inneber at han kan vikariere i Nesset, Rauma og Vestnes. Fram til sist sommar var han sokneprest i Sandøy og Fjørtoft. Magne Bildøy er opp-

havleg frå Ålesund. Han har utdanninga si frå Menighetsfakultetet (MF) og Misjonshogskulen i Stavanger. I tillegg til å ha vore sokneprest har han også mange års røynsle som dataingeniør i Telenor Telecom Solution.

Vi ynskjer Magne velkommen til Vestnes og håper han vil finne seg vel til rette i bygdene våre.

# Helsing til Kyrkjebladet

presentert av Kaare Lervik

Gudmund Gjelsten har sendt ei helsing til Kyrkjebladet, og dermed til alle lesarane av bladet. Mykje kunne vore sagt om denne mannen, men vi vil gi ein kort presentasjon av han. I 1929 vart han fødd på Gjelsten, og i dag bur han i Ålesund. Gjelsten gifta seg med Oddrun Barstad i 1951, og i 1955 var han utdanna prest frå Menighetsfakultet. Etter den tid har Gjelsten tatt vidareutdanning, har arbeidd i leiande stillingar både i presse og radio i Noreg og i utlandet, vore lærar og undervisningsleiar, forskar og prest. Som pensjonist har han òg hatt eit vikariat i Vestnes prestegjeld. Etter Gjelsten si meining er alt han har fått gjort gjennom livet, og det er ikkje lite etter vårt syn, ein konsekvens av eit spesielt møte på ein leir i 1942. Vi overlèt til lesarane å ta del i 13 år gamle Gudmund Gjelsten si oppleveling på leir i Fiksdal.

## Kjære alle som arbeider i Kyrkjebladet

Eg er glad for at de har sendt meg Kyrkjebladet for Vestnes i mange år no. Eg er imponert over kor mykje de får formidla av informasjon, oppbyggeleg stoff og kristeleg kunnskap i dette vesle meldingsbladet for kyrkjelydane i Vestnes, Vike, Tresfjord og Fiksdal. Eg har lyst til å dele med lesarane av Kyrkjebladet det eg mein er den viktigaste opplevelinga i livet mitt. Dct skjcdcc ncmlcg på cin NMS-lcir i Fiksdal dcn finc sommaren i 1942.

Ei kjær tantc fortalde meg mangt gonger vinteren 1941-42 om ein stor leir for ungdom som skulle vere i Fiksdal på seinsommaren 1942. Ho var vel orientert, for predikantar frå NMS budde av og til i huset hos henne og mannen.

Ho var ein praktiserande kvardagskristen eg såg opp til og respekterte. Ho skildra kor kjekt det ville vere å møte unge frå ulike stader i Møre og Romsdal. På denne tida var eg nemleg ikkje så veldig interessert i det som gjekk føre seg på bedehusa i Fiksdal og Rekdal. Dette ga eg ofte uttrykk for overfor dei på min eigen alder. Ikke sjeldan skjedde dette på ein flåsete måte. Eg opplevde no ein djuptgripande tvilsfase i livet mitt, men det snakka eg ikkje om til nokon på ein seriøs måte.

Då tida for leiren kom, hadde eg gløymt det heile og var på fisketur i holmane ved Tautra. Men tante hadde ikkje gløymt meg. På ein eller annan måte fekk ho sendt beskjed til meg om at no skulle leiren begynne, og eg måtte melde meg på. Slik vart det. Men nokre kameratar som var der før eg drog, hørde meg erklære frå trappa utanfor kjøkkenet heime: "Eg skal på leir for å møte andre unge og for å ha det gøy. Denne karen skal ikkje blandast inn i noko kristeleg!"

Leiren gjekk sin gang med grundige bibeltimar, misjonstimer, leirbål på stranda og mykje gøy. Vi gutane overnatta på flatsenger i ei løe. Ein kveld under leiren skjedde dette:

Eg var omgitt av meir og mindre sovande kameratar. Eg låg og såg opp mot dei nakne bjelkane i taket og kjende lukta av nyturka høy. Då kjende eg det som om Jesus var heilt nær meg og snakka direkte til meg:




"Vil du verkeleg ikkje ha noko med meg å gjere? Vil du velje meg eller ikkje? Valet er ditt."

Plutselig var dette med Jesus noko meir og anna enn teoriar og lause oppfatningar. Jesus var der nær meg. Svarel mitt kom forsiktig, men likevel klart: "No vil eg ha noko med deg å gjere". Svarel var ikkje kviskra fram før eg var full av ei ufatteleg glede. Tvilen svann, og eg såg inn i noko eg ikkje trudde eksisterte. Jesus var verkeleg, han levde i dag og var no blitt min frelsar og herre og venn!

Eg kan ikkje skildre det eg opplevde på ein fullverdig måte, men Gud såg at eg hadde behov for å oppleve Jesus konkret og praktisk. Leiren i Fiksdal vart noko heilt anna enn det eg planla. Gud greip inn og opna augo mine for at livet saman med Jesus er noko verkeleg!

*Har du møtt Jesus?*



# Ny liturgi - Ny giv?!

av Finn Arne Roaldsnes, sokneprest i Vestnes og Fiksdal

Frå 1. søndag i advent tar alle kyrkjelydane i Norge i bruk ny liturgi. Det vil seie at det faste gudsteneste-programmet blir forandra. Dette er ei stor fornying som vil få mykje å seie for gudstenestelivet. Det er relativt sjeldan at det vert tatt i bruk ny liturgi i kyrkja. I førre hundreår skjedde det to gonger.

## Kvifor ny liturgi?

Ja, kvifor noko nytt no? Var vi ikkje ganske fornøgde med den liturgien som var? Etter mange år hadde vi lært oss gangen i gudstenesta. Nesten alle hadde blitt vane med felles-songen. Bønene hadde vi òg blitt familiære med.

Det er lett å tenkje nostalgisk og halde fast på ting som vi er vane med. I den greske og russiske kyrkja seier ein at liturgien er heilag, ja guddommeleg. Den eldgamle liturgien er dermed nesten ikkje blitt forandra. Men slikt må nødvendigvis føre til visse ulemper. Språk og form blir så forelda at det blir uforståeleg. Nye teologiske forståingar kjem ikkje med i liturgien. I den katolske kyrkja er ein òg svært tilbakehalden når det gjeld forandringar. Før Luther reformerte kyrkja, var den katolske messa på latin. Berre prestane forstod henne. Folk var passivt mcd. Men så kom Luther og omsette hennar til tysk, og vi fikk òg messa på vårt skriftspråk. Det var litt av ei omvelting!

Men gammalmodig liturgisk språk har sine klare begrensninger. Som hos så mange greske, ungarske til meg på spørsmål om hvilket av de ikkje gjekk til messen: "Eg forstår ikke denne døye av det dei seier".

## Krav om fornying

Det var nettopp frå ungdommen at kravet om fornying av liturgien kom. Den gamle liturgien følte dei var stivbeint, gamalmodig og lite tiltalande og fengande for barn og unge. Dei var redde for at Kyrkja ville misse dei nye generasjonane fordi dei ikkje følte seg vel og heime når dei var til gudsteneste.

## Krav til Kyrkjemøtet

Ønske/krav om ularbeidning av ny liturgi vart framført av dei unge, via deira kyrkjemøte, til sjølve kyrkjemøtet for Den norske kyrkja. Kyrkjemøtet bestemte seg for å gå inn i ein prosess med å forme ut ein ny liturgi. Dette har vore eit stort arbeid som til slutt vart lagt fram for kyrkjelydane. Her i Vestnes har vi hatt eit gudstenesteutval som har sett på forslaga og kome med eit anbefalt forslag til kyrkjelydane. I løpet av denne hausten har så alle kyrkjelydane gått gjennom forslaga til ny lokal grunnordning for gudstenestelivet. I Fiksdal, Vike, Tresfjord og Vestnes har ein blitt samde om ei lik utforming. Det lettar arbeidet for både prest, klokkar

og organist, og det skaper lettare gjenkjenning for dei som går til gudsteneste i dei forskjellige kyrkjene.

## Den nye liturgien

Den nye liturgien skal vere lokal, gjenkjenneleg, fleksibel og tilpassa born og unge. Det er tenkt at det skal vere nattverd i kvar gudsteneste. I liturgien kan ein veksle mellom fleire forskjellige bøner og melodiar. Det vert òg lagt opp til bruk av medliturgar og andre som kan delta i framføringa av gudstenesta. No skal altså andre vere med i tillegg til klokkar og prest.

Gudstenesta har ei fast ramme som vi pleier å kalle **Ordo**. Det er ein struktur som gudstenesta alltid følgjer.

## I. Samling, II. Ordet, III. Forbøn, IV. Nattverd, V. Sending.

**Dåp** kjem etter samlingsdelen dersom det er dåp i guds-tcnsta.

Ny giv!?

Den nye liturgien skal no prøvast ut. Det stort spørsmål er, som det ikkje finst eit godt svar på enno, om han vert godt motteken. Signala frå dei som har prøvd han over ei tid, er ganske positive. "Det er godt med noko nytt", vert det sagt. Det er mange fine bøner og kyrkjelydssvar. Liturgien og språket i han er fleksibel og forståeleg. Her er ingen direkte negative merknader korkje til utforming eller innhald. Det tyder på at det er gjort eit grundig for- og utprøvingsarbeid.

Mange meiner at liturgien er for lang og har for mange ord. Når det er både dåp og nattverd, vert gudstenesta opp mot 1½ time. Det er for lenge, og mange fell av og er ikkje med. Dette ser vi skaper uro i form av liten konsentrasjon i benkeradene. Mange meiner òg at dei var vel fornøgde med det som var.

Som vi ser, er det mange både for og imot. Tida vil vise korleis den nye vil tene kyrkjelyden. Mitt ønske er at han kan utvikle seg til å bli ein god og nytig reiskap til oppbygging og fornying av gudstenestelivet i kyrkjelydane våre.



# Frivillige gaver til trusopplæringsarbeid blandt barn og unge!

Av Inger Marie Jakobsen Sylte, ansvarleg for trusopplæringa

For eit år sidan fekk vi til ei givarteneste som er meint for å støtte barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelydane i Vestnes. Kyrkjelydane driv eit omfattande trusopplæringsarbeid blandt barn og unge. Vi er så heldige at vi får midlar til å kunne gje løn til ei 80% trusopplæringsstilling, men vi ynskjer å få vidareutvikle arbeidet vårt.

Gavene som kjem inn, er med å dekke kostnadene til dei ulike aktivitetane. Vårt hovudmål er å få nok midlar til å tilsette ein barne- og ungdomsarbeidar i 20%.



Søndagsskule i Tresfjord.



Babysong i Vestnes.

**Vil du bli med og hjelpe oss slik at barn og ungdom frå 0-18 år kan få gode tilbod og flotte opplevelingar gjennom kyrkja si?**

**Givartenesta sitt kontonummer er: 9651.05.75048.  
Merk avtalegiroen med  
"Barne- og ungdomsarbeid".**

Ein stor takk rettast til alle dei som er med og bidreg til at målet vårt skal bli oppfylt! Slik som det ser ut no, så kjem det 70.000 kr årleg. Utan desse pengane kunne vi ikkje fått til alt som vi har av tilbod. Tusen takk!

No utfordrar vi fleire til å melde seg som givarar slik at vi kan få til vårt hovudmål. Vårt ynskje er at kyrkjelydane i Vestnes skal vera opne og inkluderande, der kvart barn og alle unge føler seg sett. Kvart år blir ca. 80% nyfødde, tilhøyrande Vestnes kommune, borne fram til dåp i våre kyrkjer. Dette tek vi på alvor ved å tilby hjelp til kvart enkelt barn, slik at dei kan utvikle eit forhold til trua og den kyrkja dei er dcl av.



Laurdagsklubb i Fiksdal.



Undretur i fjørå på Vike.



Sterkt oppmøte på KRIK-trening.

## Brann- og innbrotssikring av kyrkjene i Vestnes, Fiksdal og Vike.

Anlegga i desse kyrkjene trøng verkeleg å fornyast, og fellesrådet søkte i 2011 om rentekompensasjonsmidlar gjennom Vestnes kommune til formålet. Finansieringa vart ordna, og no er nye anlegg på plass. Tresfjord kyrkje fekk ny sikring i samband med restaureringa for nokre år sidan. Vi har også fått til ei ordning slik at brannalarmar går direkte til 110-sentralen i Ålesund, og innbrotsalarmar til teknisk vakt i Vestnes kommune. Det er svært gledelig at Vestnes kommune har vore så positiv i denne prosessen, og også ser kor viktig det er å sikre desse vakre og verdifulle bygga våre. Og det er godt å vite at tryggleiken er ivaretaken med nye anlegg, - så godt som det er mogleg å få til.

Toril L. Nerland

## Utviding av kyrkjegarden i Fiksdal

I 2010 sokte fellestrådet Vestnes kommune om midlar til prosjektet, og fekk investeringsmidlar i 2011 og 2012. Det var lite frie/ledige graver igjen, og det byrja å haste med å få til ei utviding. Firma Roger Tokle AS fekk oppdraget med utarbeiding av forprosjekt og planar. Det nye feltet ligg nordvest for eksisterande kyrkjegard, mot kyrkjelydshuset. Det vart Tomra Maskin AS som fekk oppdraget etter anbodsrunden. Anlegget skal stå ferdig innan mai 2013, og ein får då 122 nye graver. Det er seinare mogleg å utvide kyrkjegarden vidare som eit byggesteg 2. Forprosjektet omfatta også dette. I tillegg til gravplassen blir også parkeringsforholda betra. Fiksdal kyrkjegard får med dette ein vakker og tenleg gravplass for mange år framover.

Toril L. Nerland

## Takk til Stall Kjersem

Vi vil med dette rette ein stor takk til Bjørn og Helene på stall Kjersem.

Det er ein gammal tradisjon å ha møte oppe på Kjersemfjellet. Før var det dei ulike kristne laga i bygda som i fellesskap arrangerte Kjersemseterstemnet som samla folk frå begge sider av fjellet. Etter kvart tok kyrkja over og ga tilbod om friluftsgudsteneste om sommaren. Etter at Stall Kjersem inviterte kyrkja inn på grunn av därleg værmelding, har kyrkja blitt verande inne.

Stall Kjersem er eit godt rom å vere i og ein fin stad som viser mykje gammalt og nytt handverk. Vertskapet, Bjørn og Helene, er alltid så gjestmilde. Dei legg til rette, tek varmt imot oss og er sjølve med på gudstenesta. Det er godt å kome på friluftsgudsteneste til Stall Kjersem. Her kjem det både bygdefolk, langvegsfarande og hyttefolk.

Vi håper å kunne fortsetje dette flotte samarbeidet som er til stor glede for heile bygdefolket. Mange ynskjer å



Stall Kjersem.

nytte seg av denne flotte arenaen under store festdagar. I år, 2012, var det 3 barnedåpar under gudstenesta på Stall Kjersem, og det har vore gjennomført 1 vigsel. Vi vil nytte høvet til å ynskje det trivlege vertskapet, Bjørn og Helene, ei velsigna julehøgtid og eit godt nyttår.

Beste helsing frå Tresfjord sokneråd

## Laurdagskafé på Vike

Laurdag 6.oktober var bygdefolket i Vike invitert til kafé i kyrkjekjellaren. Dette er eit nytt tiltak som soknerådet vil prøve ut for å skape ein sosial samlingsplass i den nyrenoverte kyrkjekjellaren. Mange møtte opp i det flotte haustvêret til god drøs og heimelaga mat på kafévis. Tilbakemeldingane tyder på at alle sette pris på tiltaket, men at " neste gong må det vere loddsal"! Inntekta frå laurdagskaféen er tenkt bruk til nye bord og stolar i kyrkjekjellaren. Soknerådet har planlagt ein Adventskafé 8. desember kl 12-14, og vi ønskjer alle velkomne! Den som ønskjer skyss, kan ringe til Liv Randi på tlf. 71189035.



# Nytt tilbod for familiar: Familiesong med laurdagsklubb





Annankvar torsdag kl 17.00-17.45 inviterer kantor Sissel Schiøtt til familiesong i Vestnes kyrkje. Det blir barnesongar med bevegelse til der både forldre, besteforldre og sysken kan bli med. I tillegg til familiesong vil det den siste laurdagen i månaden bli arrangert laurdagsklubb i Vestnes kyrkje-

lydskjellar på Myra. Her blir det ei bibelforteljing, noko å bite i og ein liten aktivitet. Familiar blir hermed ynskt velkomne til fyrste samling: laurdag 26. januar kl. 11-12.30. Fyrste familiesong blir torsdag 03.februar.

## For dei minste

Finn fem feil

Desse to bilda er nesten like. Finn du dei fem feila på bildet nedanfor?



## 8-åringar i Vestnes kommune, notér datoane:

### TÅRNAGENTHELG

Fiksdal: 09. mars  
Vestnes: 26. januar  
Tresfjord: 02. mars  
Vike: 02. mars



## VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope mandag - torsdag kl. 08.30-15.00

Telefaks: 71184231

Signe Hellevik, sokneprest

Telefon: 71184236 / 91123045

E-post: signe.hellevik@vestnes.kommune.no

Magne Bildøy, fungerande sokneprest

Telefon: 71184234 / 92437308

E-post: mabiloy@gmail.com

Finn Arne Roaldsnes, sokneprest

Telefon: 71184234 / 90829737

E-post: finn.arne.roaldsnes@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær

Telefon: 71184232

E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

Toril Lillebø Nerland, Kyrkjeverje

Telefon: 71184235 / 48155034

E-post: kyrkjeverje@vestnes.kommune.no

Sigurd Moltubak, diakonileiar: Telefon: 71184237

E-post: diakon@vestnes.kommune.no

Sissel Schiøtt, kantor: Telefon: 71184230 / 95270346

E-post: sissel.schiøtt@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjeterar: Telefon: 90217404

Inger Marie J. Sylte, prosjektprest 71184238

E-post: imjsylte@gmail.com

Nina Kvernmo, trusopplæringsmedarbeidar

Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:

[www.vestnes.kyrkja.no](http://www.vestnes.kyrkja.no)



Vi minner om Heimesida til kyrkjene i Vestnes. Send gjerne meldingar til kyrkjekontoret om arrangement som skal vere, så kan vi legge det inn på heimesida.  
[www.vestnes.kyrkja.no](http://www.vestnes.kyrkja.no)

# Kunstutsilling på kyrkjecontoret!

Liv Annbjørg Eidhamar frå Tresfjord, står for den flotte kunstutstillinga "Vinterlys". Ta turen innom i kyrkjekontoret si opningstid og oppleve dei talande og fargerike maleria.

# Takk for gaver!

Av Kaare Lervik

Kyrkjebladet ber om pengar til drifta i kvart einaste blad, og slik må det diverse bli vidare også, men alle skal vite at vi set stor pris på alle bidrag som kjem inn. Denne gongen vil Kyrkjebladet takke kvar og ein for dei gavene vi har fått, og ein spesiell takk til vedkomande som gav 10 000 kr. Dei pengane berga finansieringa av siste bladet.

## Konsertar

Molde Brassband: Vestnes kyrkje 2. des. kl. 17.00  
Tomra Brass: Vestnes kyrkje 9. des. kl. 19.00

### Julekonsert:

|                  |                    |
|------------------|--------------------|
| Fiksdal kyrkje:  | 16. des. kl. 15.00 |
| Vike kyrkje:     | 16. des. kl. 17.00 |
| Vestnes kyrkje:  | 16. des. kl. 19.00 |
| Tresfjord kyrkje | 23. des. kl. 18.00 |

 815 33 300  
**Kirkens SOS**

**Kjøp gaver med verdi av Kirkens Nødhjelp:**

<http://www.kirkensnodyn.no/>



## Slekters gang

### Vestnes kyrkje

#### Døypte:

- 09.09 Andrea Louise Baguio-Aas
- 09.09 Sondre Vik Brunvoll
- 09.09 Kevin André Gulla Hauvik
- 09.09 Julie Ulrikke Lid
- 09.09 Ada Sørvig
- 30.09 Carmen Nakken Dahlstrøm
- 30.09 Aron Antonius Kildal Skålvik
- 28.10 Live Bauer
- 10.11 Markus Jensen Vegsund
- 10.11 Tobias Arthur Olafsen
- 18.11 Anine Lid (døypt i Brattvåg)

#### Vigde:

- 01.09 Marianne Anderson og Kjetil Gjelstenli
- 10.11 Marie Meisingset og Kristoffer Rogne Håseth

#### Døde:

- 16.08 Håvar Emil Steen
- 13.09 Johannc Eiknes
- 19.10 Oddbjørg Ingeleiv Nerhus
- 22.10 Svanhild Asbjørg Kildal
- 02.11 Christina Falch

### Fiksdal kyrkje

#### Vigde:

- 25.08 Lene Marie Havnsund Ellingseter
- og Aleksander Viggen Ottcrli

#### Døde:

- 07.08 Kaspara Gjelstenli
- 25.08 Solveig Ingebjørg Bjerkevoll
- 09.10 Magne Ellingseter

### Vike kyrkje

#### Døypte:

- 07.10 Lucas André Hanestadhaugen
- Kringstad

#### Døde:

- 30.09 Alice Margaret Domaas

### Tresfjord kyrkje

#### Døypte:

- 19.08 Gjertine Løvik

- 19.08 Synnc Alice Domaas Hocm

- 16.09 Julie Vinje Kjersem

- 16.09 Emil Vikås

- 14.10 Erlend Ivarson Raknem-Skjegstad

- 14.10 Ester Kjersheim

- 14.10 Luna Isolde Klauseth Taraldsen

- 18.11 Trym Hovde

- 18.11 Lea Lillebo Rørvik

#### Døde:

- 29.09 Jon Kaland
- 06.10 Haldis Oline Rypdal
- 27.10 Petra Rypdal
- 13.11 Kristine Bjermeland

# Gudstenester i Vestnes

(med etterhald om evt. endringar)

## 9. des. 2. s. i advent

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap. Søndagsskule.

## 16. des. 3. s. i advent

Tresfjord trygdeheim kl. 11.00

Nattverdsgudsteneste.

## Adventskonsertar i:

Fiksdal kyrkje kl. 15.00

Vike kyrkje kl. 17.00

Vestnes kyrkje kl. 19.00

## 23. des. 4. s. i advent

Vestnes sjukeheim kl. 11.00

Nattverdsgudsteneste.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Adventskonsert.

## 24. des. Julaftan

Tresfjord kyrkje kl. 14.00

Julaftangudsteneste. Takkoffer til Barne- og ungdomsarbeidet i soknet.

Vike kyrkje kl. 16.00

Julaftangudsteneste.

Takkoffer til Misjonsprosjektet.

Vestnes kyrkje kl. 14.00 og 16.00

Julaftangudstenester.

Takkoffer til Redd barna.

## 25. des. 1. juledag

Vestnes kyrkje kl. 12.00

Høgmesse m/ nattverd.

Takkoffer til Diakoniarbeidet.

Fiksdal kyrkje kl. 12.00

Høgmesse Takkoffer til NMS.

## 26. des. 2. juledag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse m/ nattverd.

Takkoffer til Det norske Misjons-selskap.

## 30. des. Romjulssøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Songgudsteneste med dåp.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

## 31. des. Nyårsaftan

Vestnes kyrkje kl. 23.00

Forenkla høgmesse. Takkoffer til Barne- og ungdomsarbeidet i soknet.

## 6. januar Kristi openberringsdag

Vike kyrkje kl. 16.00

Nyttårsfest i kyrka. Utlodding med inntekt til eigen kyrkjelyd.

## 13. januar 2. s. i openberringstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.  
Takkoffer til Normisjon.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Forenkla høgmesse. Takkoffer.

## 19. januar Laurdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Ungdomsgudsteneste v/ KRIK.  
Takkoffer.

## 20. januar 3. s. i openberringstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.  
Takkoffer til Misjonsprosjektet i Mali.

## 27. januar Såmannssøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste. Takkoffer.

## 03. februar Kristi forkl.dag

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.  
Takkoffer til Normisjon sitt arbeid i Mali.

## 10. februar Fastelavnssøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Karnevalsgudsteneste for alle sokna.  
Takkoffer.

## 13. februar Askeonsdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Skriftemålsgudsteneste. Nattverd.

## 17. februar 1. s. i fastetida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.  
Takkoffer til Bibelselskapet.

## 24. februar 2. s. i fastetida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.

Takkoffer til N. kyrkje i utlandet.

## 03. mars 3. s. i fastetida

Tomrefjord bedehus kl. 18.00

Forenkla høgmesse. Konfirmantane deltek. Takkoffer.

Vike kyrkje kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste.

Utdeling til 1. og 3. klasse

Takkoffer til Trusopplæringa i soknet.

## 10. mars 4. s. i fastetida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste.

Utdeling til 1. klasse.  
Takkoffer til Romsdal søndags-skulekrets

## 17. mars Maria Bodskapsdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd. KFUK/  
KFUM har årsmøte. Takkoffer.

Søndagsskule.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Lovsongsgudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

